

Rett kopi bekrefes

Hnn 4n

FESTEKONTRAKT1. Avtalepartar

Bortfestar: Staten v/Landbruksdepartementet (Utdanningsdep. frå 01.01.90).

Festar: Bergen og Hordaland Skogselskap.

2. Område

Festekontrakta gjeld området som ligg mellom driftsbygningen til Statens gartnarskule Hjeltnes og elva Gauro på eigedomen Holmen gnr. 44, bnr. 1 i Ulvik kommune. Området er avgrensa og mellom sjø og fylkesveg. Området utgjer ca. 3,5 da, og er avmerka med merkesteinar i kvart hjørne.

3. Festetida

Denne festekontrakta avløyser festekontrakt som har vore sidan 1. april 1974. Festetida gjeld til 31. desember 1995. Dersom bortfestar ved utløpet av festetida ikkje vil ta over veksthusanlegget på tomta etter takst har festar rett til å kreve festekontrakta fornøya for ein periode på 5 - fem år.

4. Festeavgift


Festeavgifta tek utgangspunkt i at tomteverdien er kr 13,- pr. m². På dette grunnlag kan festeavgift reknast til 6 %. For tomta på totalt 3,5 da vert festeavgifta såleis kr 2.730,-. Det er høve til regulering av festeavgifta etter 3 år.

5. Rettar og plikter

På tomta står eit veksthusanlegg på 2.000 m² i enkelt glas bygd i 1974. Fyringsanlegget til veksthuset ligg i Statens gartnarskule Hjeltnes sin driftsbygning som eit felles anlegg, og utgiftene til oppvarming skal delast etter kalori-målar. Statens gartnarskule Hjeltnes har alle serviceavgifter, ansvar for fyringsanlegget, fyringsvakter ved straumstans, reinhald av kjelar o.l. Dette pliktar Bergen og Hordaland Skogselskap å betala ein årleg sum for etter nærmare avtale.

Begge partar pliktar i samarbeid å halda veksthus og utan-dørsanlegg i god stand. Ev. vedlikehaldsutgifter til felles veg mellom veksthusanlegga (t.d. asfaltering) skal delast mellom partane.

Ev. nybygg i festetida eller endring i bygningsmassen må godkjennast av departementet. Eit ev. nybygg må planleggjast med eige fyringsanlegg.





6. Brot på festekontrakta

Dersom Bergen og Hordaland Skogselskap legg ned drifta av anlegget i avtaletida vert festekontrakta broten.

Staten v/departementet har då rett til å overta anlegget etter pristakst. Det same gjeld ved utløpet av festetida jmf. pkt. 3.

7. Tvistar

Den faste eigedom sitt verneting er saka sitt verneting dersom det oppstår tvistar. Twistar skal løysast ved skjønn. Kvar av partane oppnemner ein representant og sorenskrivaren i Voss oppnemner ein oppmann. Det same gjeld ved usemje om festeavgift og ved ev. overtaking av anlegg m.v.

8. Tinglysing

Festar ber utgiftene med tinglysing og stempiling av denne kontrakta.

Kontrakta er utferda i 2 - to - eksemplar, eit til bortfestar og eit til festar.

Dato: Ulvik 10.10.90

Som festar

Bergen og Hordaland Skogselskap

Som bortfestar

Utdannings- og forskningsdep.
For departementet

Karlvin Bjørke

Asbjørn Børshem
Asbjørn Børshem
- rektor -
Statens gartnarskule Hjeltnes

